



Helga Tveit frå Sunde sikra seg ei fargesprakande rye. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Stor suksess, kan AFA melda etter den årlege salskafeen laurdag der den viktige Uskedalen-verksemda frista med nokre av dei 'mjuke' produkta sine. Det var så godt besøk på fire og ein halv time at dei ikkje hadde den ringaste sjanse til å tella kor mange som var innom.

Det var i alle fall langt fleire enn i fjor, melder leiinga, som ikkje kan rangera nokre produkt framfor andre med omsyn til popularitet. Det gjekk unna av lheile produktspekteret, og samla sett var salet svært godt, er

konklusjonen.

Det var fullt i lokalet fleire gonger og opptil 60 på ein gong. Dei besøkjande kom ikkje berre frå Uskedalen, men frå store deler av Kvinnherad. uskedalen.no møtte til dømes folk både fra Sunde og Rosendal og det er grunn til å tru at det var fleire hundre tilsaman.

Men det var ikkje berre sal av AFA-produkt som gjekk føre seg, det var også servering av risgraut med tilbehør samt kaker og kaffi. Og det gjev ein talande peikepinn at det gjekk med 32 liter mjølk og at ventetida på graut var opptil ein halv time!

Det blir nok salskafe på AFA også til neste år !

Av Ola Matti Mathisen